



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Representantane.

ÅRSMØTET 2015

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: 19.03.2015

Stad: Kunsthuset Messen i Ålvik, Kvam

Tid: Klokka 13.00

Regionrådet /Representantskapet er Årsmøte

Agenda:

Kl. 09.00 Regionrådsmøte

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 13.00 Årsmøte Hardangerrådet IKS

Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6 samt ei sak om endring i Selskapsavtalen. Sakspapira vert med dette sendt representantane.

Sakliste:

Konstituering:

*Godkjenning av innkalling og agenda.

*Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.

Årsmøtesak 01/15

Årsmelding 2014 og Rekneskap 2014

(Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Årsmøtesak 02/15

Rammebudsjett 2016 og Økonomiplan 2016-2019.

(Årsmøtevedlegg legg 3.)

Årsmøtesak 03/15

Arbeidsplan 2015/2016 (Årsmøtevedlegg 4)

Årsmøtesak 04/15

Val av rekneskapsfører og revisor for 2016

Årsmøtesak 05/15

Godtgjersle til styret for 2015

Årsmøtesak 06/15

Val av styre

Årsmøtesak 07/15

Innkome saker

Andre saker til Årsmøtet 2015 må vera styret i hende innan 19.02.2015

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet (Tlf 53 67 14 50) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med Leiv Vambheim dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 12.02.2015

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

John Opdal/s
Rådsordførar

Leiv Vambheim
Dagleg leiar

Kopi av innkallinga til kommunane.

Vedlegg: Årsmøtepapir.



Hardangerrådet iks



Hardanger

Årsmøtesaker Hardangerrådet iks 19.03.2015

Årsmøtesak 01/15 Årsmelding 2014 og Rekneskap 2014 (Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2014 for Årsmøte i Representantskapet.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med Årsmeldinga. Dette vert lagt fram for Årsmøtet.

I denne saka ligg vedlagt framlegg til Årsmelding 2014 og Rekneskap 2014 frå styret.

Årsmeldinga 2014 summerer opp både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten i 2014. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang. Årsmeldinga viser betydeleg aktivitet og stor breidde i aktiviteten for Hardangerrådet iks også i året 2014.

Prosjektaktiviteten og tiltaka i Hardangerrådet iks varierer noko. Nyttårsbrevet og Årsmeldinga viser til noko endring frå prosjekt til dei fastare aktivitetane. Både Flytt til Hardanger og Hardanger 2014 vert avslutta på nyåret 2015 og nytt aktiv internasjonalt prosjekt i 2014 og 2015 er ProWell. Arbeidet med kommunestruktur har påverka aktiviteten i 2014. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema, men så har også regionen utfordringar på mange område. I den kommunale kvardagskampen så viser det seg at regionen treng samordning politisk, i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet.

Rekneskapen 2014 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg. Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god eigenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne. Frå 2014 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførar. Hardangerrådet iks hadde i 2014 omsetning på nær 7 mill. kr. inklusive Regionalt Næringsfond og Kraftlinefond. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet viser driftsresultat med overskot på 51.030 kr. Dette varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.14 er på 2.816.325 kr medrekna bunden eigenkapital på 100.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2014 viser det same overskotet på 51.030 kr., avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse. Konklusjonen er at Hardangerrådet iks har ei sunn økonomistyring.

Hardangerrådet er fritaken for meirverdiavgift. Konsekvensen av momsrefusjonsordninga i Hardangerrådet er at drifta i selskapet får 195.273 kr. i reduserte kostnader.

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2014 vert vedteken slik den ligg føre
- b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2014 vert vedteken slik den ligg føre

Årsmøtesak 02/15

Rammebudsjett 2016 og Økonomiplan 2016-2019. (Årsmøtevedlegg 3.)

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på Årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i Økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som Fastset det i eit møte før nyåret.

Framlegg til rammebudsjett 2015 er på nivå med 2014. Tilskotet frå kommunane dekkjer ikkje alle driftskostnadane i Hardangerrådet iks. Andre kostnader vert dekkja inn gjennom eigeninntening, hovudsakleg gjennom overhead frå prosjektarbeid.

Økonomiplanen er bygd opp slik at den gjeld for dei 4 åra 2016 – 2019, inklusive Rammebudsjett 2016 som er første året i økonomiplanen. I økonomiplanen legg eg no inn framlegg om 5 % årleg auke av dei kommunale tilskota til drifta av Hardangerrådet iks frå 2016.

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Økonomiplan 2016-2019 vert vedteken slik dei ligg føre. Rammebudsjettet for 2016 vert godkjent lik første året i økonomiplanen 2016-2019.
- b) Styret får fullmakt til å vedta det årlege detaljbudsjettet med justeringar innanfor rammebudsjettet 2016.

Årsmøtesak 03/15

Arbeidsplan 2015/2016 (Årsmøtevedlegg 4)

I følgje vedtektene skal Årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet.

Arbeidsplanen 2015/2016 byggjer på den innarbeidde måten å setja opp Arbeidsplanen på. Tema som ikkje lenger treng arbeidast med er teke ut og tema som er aktuelle for året 2015/2016 er teke inn. Alle tema i arbeidsplanen er relaterte til dei godkjende strategiane som har stått fast sidan Hardangerrådet re-etablerte seg i 2001:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for meg, er godt for deg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2015/2016 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerer til Representantskapet å godkjenna endra arbeidsplan dersom dette vert aktuelt.

Årsmøtesak 04/15

Val av rekneskapsførar og revisor for 2016

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsførar og revisor kvart år. Hardanger Økonomiservice As er valt til rekneskapsførar og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt er valt til revisor for 2015 for Hardangerrådet iks. Dette fungerer svært godt og styret tilrår nyval.

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2016.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert vald til rekneskapsførar for Hardangerrådet iks 2016.

Årsmøtesak 05/15

Godtgjersle til styret for 2015

Årsmøte 2014 gjorde ingen endringar i satsane og eventuelt endringar må årsmøtet sjølve koma med. Satsane vart sist endra i 2011 og er no slik:

«Styreleiar har fast årleg godtgjersle på 5.000 kr og møtegodtgjersle. Det er møtegodtgjersle på 1500 kr pr møte for møtande styremedlemmer.»

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks har ikkje tilråding til Årsmøtet.

Årsmøtesak 06/15 Val av styre

I følge Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og i følge Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2 årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Styret skal innehalda begge kjønn og det skal også varalista ha. I 2012 vart det bestemt at Rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlem John Skogseth, samt at varamedlemmene som skal veljast kvart år. Likeeins styreleiar og nestleiar.

Styret var i 2014 slik samansett:

Styreleiar Toralv Mikkelsen 2014 og styremedlem for 2014/2016

Styrenestleiar Astrid Dale Vindal 2014 og styremedlem for 2014/2016

Styremedlem John Skogset og styremedlem for 2013 og 2014

1. Varamedlem Astrid Selsvold for 2014

2. Varamedlem Einar Lutro 2014

Framlegg til vedtak.

Rådsordførar som valnemnd legg fram tilråding til Årsmøtet.

Andre saker til Årsmøtet 2015 må vera styret i hende innan 19. februar 2015.

Innhald:

Innleiing - Oppsummering

Organisasjon

- Generelt
- Strategiar
- Styret
- Regionrådet/ Representantskapet 2011 - 2015
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Andre representasjonar
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- IS Fjordvegen Rute 13

Møte og saker i Hardangerrådet

- Styret
- Regionrådet/Representantskapet
- Hardangerrådet i 100 i Oslo Konserthus 22.03.2014
- Hardangerrådet 25 år
- Hardanger 2014
- Kommunestruktur i Hardanger 2013-2019
- Kraftlinemidlane
- Samhandlingsreforma i Hardanger
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Samarbeidsrelasjonar

Nærings- og etablerarteneste

- Prosjekt i 2014
- Team Hardanger - Ei dør inn
- Etablerarskulen 2014
- Regionalt Næringsfond Hardanger 2014
- Hardangerkonferansen 2014

Økonomi / rekneskap

- Rekneskap 2014 med budsjett.
- Revisormelding 2014

Vidare drift

Diverse.

- Arbeidsmiljø og personale.
- Likestilling.
- Miljø.

Innleiing – oppsummering aktivitet.

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram Årsmelding og Rekneskap for året 2014, som var eit nytt aktivt og resultatorientert år i Hardangerrådet. Oppgåvene i Hardangerrådet er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er Årsmøtevedteken arbeidsplan, og det har vore høg aktivitet i selskapet i meldingsåret. Me held fast ved dei 3 hovudstolpane å jobba etter:

1. Politisk samordning og påverknad.

Samordning kan nemnast: Hardanger 2014, Samhandlingsreforma i Hardanger, Felles skilting i Hardanger, Nasjonale Turistveger, Stiftinga Høgskule i Hardanger, Det er gjeve uttalar t.d. i samband med fleire viktige saker: Kollektivstrategi for Hordaland, Nedlegging av NAV-kontor i Hardanger, Lovframlegg om låneopptak i samband med Kommunereforma, Sirkelbuss for FV 550, Redusert postombering i distrikts-Noreg, Ny forskrift om Landbrukstilskot, Nedlegging av Sparebank Vest filialar i Hardanger, KVU E 16 Arna – Voss. Støtte til alternativ K5, FV 7 som avlastningsveg for E 16 Trengereid – Voss, Tannhelseklinikkstrukturen i Hordaland, Justering av kollektivtilbodet i Hardanger. Representantskapet har også ansvaret for prosjektportefølgjen i Hardangerrådet. Den har i 2014 omfatta 8 prosjektarbeid som tillegg til drift av tiltak. (Sjå rekneskapsoversikt prosjekt)

2. Kommunalt tenestesamarbeid er organisert etter frivillige to- til fleirsidige avtalar mellom kommunar/herad. Fleire alternative interkommunale samarbeidsprosjekt har vore drøfta i rådmannsforum. Rådmannsforum har vore styringsgruppe for 2 prosjekt: Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss og Flytt til Hardanger – attraktive bukommunar.

3. Næringsutvikling/etablerarteneste er ein kombinasjon av Hardangerrådet sitt næringsengasjement og felles etablerararbeid. Hardangerrådet har også i 2014 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger som er Næringskontaktane i kommunane. Hardangerrådet iks er aktiv initiativtakar og driftsansvarlege for aktivitetar og utviklingsprosjekt for Hardangerregionen.

Organisasjonen.

Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap med grunnlag i IKS-lova. Selskapsavtalen inneheld mellom anna:

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnader: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vere eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Målsetjingar: * Utnytta ressursar og styrkja identitet i regionen.

* Gi uttale til, vera pådrivar overfor og følgja opp fylkes- og sentrale styresmakter.

* Arbeida for ny aktivitet i regionen.

* Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i regionen.

Organisasjon: Regionråd, Styre og Dagleg leiar er formelle organ medan Hardangerring og Rådmannsforum er oppretta i selskapsavtalen. Andre samarbeidsfora er Hardanger Ungdomsråd, Team Hardanger, Hardanger Kulturråd og Kompetanseregionen Hardanger/Voss.

Strategiar:

Hardangerrådet har framleis 5 strategiar som grunnlag for arbeidet i rådsorgan og administrasjon:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for meg, er godt for deg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent Arbeidsplan for 2013/14 og 2014/15. Denne Årsmeldinga er ein samanfatta status for 2014.

Styret 2014:

Styreleiar Toralv Mikkelsen, Eidesmoen 4, 5750 Odda
Nestleiar Astrid Dale Vindal, 5736 Granvin
Styremedlem John Skogseth, Kysnes, 5626 Kysnesstrand
1. varamedlem for 1 år Astrid Selsvold, Skulevegen 7, 5614 Ålvik
2. varamedlem for 1 år Einar Lutro, 5781 Lofthus
Rådsordførar tiltrer styret. For 2014 og 2015, Ordførar John Opdal, Odda
Vararådsordførar for 2014 og 2015 er Jon Larsgard

Regionrådet/ Representantskapet 2011 - 2015:

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

Eidfjord kommune: Ordførar Anved Johan Tveit (Sp) varaordførar: Aslak Læg Reid (H)
Granvin herad: Ordførar Ingebjørg Winjum (V) varaordførar: Lars Bjarte Røynstrand(H)
Jondal kommune: Ordførar Jon Larsgard (Sp) varaordførar: Angunn Handegard Trå (Sp)
Kvam herad: Ordførar Asbjørn Tolo (H) varaordførar: Borghild Storås Ones (Ap)
Odda kommune: Ordførar John Opdal (H) varaordførar: Elisabeth W. Hauge (NO)
Ullensvang herad: Ordførar Solfrid Borge (SP) varaordførar: Gard Hjørnevik Risan (A)
Ulvik herad: Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen (Ap) varaordførar: Stig Røkenes (H)
John Opdal er Rådsordførar /leiar for Regionrådet i 2014 og 2015, med Jon Larsgard som Rådsvaraordførar.

Hardingtinget

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 7 hardangerkommunane, totalt 49 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord, Granvin og Ulvik har 5 representantar kvar, Jondal 7 og Odda, Kvam og Ullensvang har 9 representantar kvar.

Hardanger Ungdomsråd 2013/2014:

Otto Galtung, Jondal ungdomsråd (Leiar)
Magnus Torvik, Kvam ungdomsråd (Nestleiar)
Vetle Nordstrand, Eidfjord Ungdomsråd
Adelen Aarsand, Ullensvang ungdomsråd
Sigrid Walle, Odda Ungdomsråd
Nils Michauk, Ulvik Ungdomsråd
Aleksander Kalsås, Granvin Ungdomsråd

Hardanger Ungdomsråd 2014/2015:

Katrine Riber Garen, Eidfjord Ungdomsråd
Sunniva Haustveit, Ullensvang ungdomsråd
Sigrid Walle, Odda Ungdomsråd
Cecilie Øydvin, Ulvik Ungdomsråd
Sindre Vik, Granvin Ungdomsråd
Magnus Torvik, Kvam ungdomsråd
Silje Margrethe Fjærtøft, Jondal Ungdomsråd

Rådmannsforum:

Aud Opheim Lygre
Halvard Bjørge/Trude Letnes
Joakim Øren
Siv Helle Prestegard
Arild Steine
Ingrid Guddal
Hedvig Moe Øren

Rådmann Eidfjord
Rådmann Granvin
Rådmann Ulvik
Rådmann Jondal – Nestleiar 2014/2015
Rådmann Kvam
Rådmann Odda - Leiar i 2014/2015
Rådmann Ullensvang

Andre representasjonar:

- Styret i Reisemål Hardangerfjord: John Opdal med Jon Larsgard som vararepresentant
- Styremedlem i "Småkraftsenteret i Samnanger": Asbjørn Tolo
- Prosjekt "Hardangerkonferansen 2014": John Opdal og Leiv Vambheim
- Attraktive senter: John Opdal med vara Asbjørn Tolo
- Hardanger i 100: Anved Johan Tveit
- Grunnlovsjubileet i Hordaland Fylkeskommune: Solfrid Borge
- Klimaplan for Hordaland: Jon Larsgard og Solfrid Borge
- EU-prosjektet ProWell: Trude Rinaldo og Leiv Vambheim
- Kompetanseplan for Hordaland: Leiv Vambheim
- Stiftinga Haukeliserfestivalen vart oppløyst i 2014: Jon Larsgard var styremedlem.

Administrasjon og personale:

Leiv Anders Vambheim, dagleg leiar (100 % stilling)

Trude Læg Reid Rinaldo, konsulent (100 % stilling)

Hanne Sundbø, profileringsmedarbeidar IS Fjordvegen (50 % stilling)

Pensjon og KS-medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse

Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.

Rekneskap og revisjon

Hardanger Økonomiservice AS var 2014 rekneskapsfører for Regionrådet og prosjekt, der lønskjøring også inngår i avtalen.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt er valt som revisor for 2014.

IS Fjordvegen Rute 13

IS Fjordvegen Rute 13 er eit eige selskap med Arne Kleppa/Marta Finden Halset som styreleiar. IS Fjordvegen kjøpte sekretærtjenester hos Hardangerrådet IKS og funksjonen som dagleg leiar får 180.000 kr for det i 2014. Hanne Sundby er tilsett i Hardangerrådet med funksjon som profileringsmedarbeidar for Is Fjordvegen Rute 13 i 2 år frå 01.10.2013. Omsetning i 2014 har vore 628,000 kr administrert av dagleg leiar i Hardangerrådet iks. Rekneskap og revisjon går utanfor Hardangerrådet iks.

Møte og saker i Hardangerrådet iks

Styret hadde 5 møte i 2014 og handsama 20 saker og styret deltok på Årsmøte, Hardanger i 100, Hardangertinget og Hardangerkonferansen.

Saker i styret:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- Årsmøtesaker etter vedtektene
- Avtala arbeids- og lønsvilkår for dagleg leiar.
- Rekrutteringsprosess ny dagleg leiar
- Driftsavtale Odda kommune om IKT-tjenester for Hardangerrådet.
- Hardangerrådet 25 år og eige Sogeskriv
- Bokettersyn ved Skatteoppkrevjaren

Representantskapet/Regionrådet hadde 8 møter i 2014 pluss Årsmøte 13.03.2014.

Regionrådet som er ordførarane i Hardanger handsama 57 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

Uttalar:

- Kollektivstrategi for Hordaland

- Nedlegging av NAV-kontor i Hardanger
- Lovframlegg om låneopptak i samband med Kommunereforma
- Sirkelbuss for FV 550
- Redusert postomberingi distrikts-Noreg
- Ny forskrift om Landbrukstilskot
- Nedlegging av Sparebank Vest filialar i Hardanger
- KVU E 16 Arna – Voss. Støtte til alternativ K5
- FV 7 som avlastningsveg for E 16 Trengereid – Voss
- Tannhelseklinikkstrukturen i Hordaland
- Justering av kollektivtilbodet i Hardanger

Nokre andre saker:

- Kommunestrukturarbeidet i Hardanger
- Magasinet Draumen om Hardangerfjorden
- Vidareføring Kunstnarbustaden i Berlin
- Tour des Fjords
- Hardangerrådet iks ved skifte av dagleg leiar
- Prioritering av Fylkesmannens Skjønsmidlar
- Møte med Sogn regionråd
- Hardanger i 100 i Oslo
- Domstol-organisering
- Ladestasjonar for el-bil i Hardanger
- Mogeleg medlemskap i Fjellregionen
- Støtte og avslag til søknader om støtte frå Hardangerrådet iks
- Felles møte med Rådmannsforum

Hardanger i 100 i Oslo konserthus 22.03.2014

Hardanger i 100 var eit samarbeidsprosjekt mellom Hardinglaget i Oslo, Hardangerrådet, Flytt til Hardanger, Hardanger 2014 og Hardanger Næringsråd.

Hardanger i 100 gjennomførte ei festforestilling i Oslo konserthus med 3 føremål:

- Å feira at Hardinglaget i Oslo er 100 år,
- Å vera opningsarrangement i prosjektet Hardanger 2014 som er Hardanger sitt bidrag til 200 årsjubileet for Grunnlova.
- Å profilera Hardanger i hovudstaden som ein attraktiv arbeids- og tilflyttingsregion for Osloinnbyggjarar og spesielt utflytta hardingar i målgruppa 25 -45 år.

Dagmesse: Flytt til Hardanger arrangerte ei dagmesse «Bli kjent med Hardanger» for utstillar, matprodusentar og tilflyttingstilbod. Det stilte 10 utstillarar, 7 matprodusentar og kommunane i Hardanger. Servering av lokal mat og aktivitetar for barn. Det kom mellom 500 og 600 personar innom dags messa. Av desse hadde cirka 1/3 adresse i Hardanger og 2/3 utanfor Hardanger. Cirka 60 % var under 50 år. Tv-2 var innom og tilbakemeldingane svært positive.

Kveldsarrangement. Hardanger 2014 og Hardinglaget stod for ein «Hardangerkonsert» med eit svært variert program av aktørar frå Hardanger. Det var eit stort førearbeid og ei profesjonell gjennomføring som samla nær 1200 entusiastiske gjester. Hardinglaget i Oslo sleppte jubileumboka si.

Hardangerrådet 25 år

Hardangerrådet vart stifta hausten 1989 og feira 25 år i 2014. Dette vart gjort på ein enkel måte ved at styret tinga Jørn Lekve til å skriva ei 25 års Hardangerrådssoge som vart trykt i eit hefte saman me sponing og gratulasjonar frå gode samarbeidspartar og næringsliv i Hardanger. Sjølve 25 årsmarkeringa vart gjort som ei kveldssamkome i samband med Hardangerkonferansen 2014 i Ulvik med presentasjon av Sogeskriftet og helsingar.

Hardanger 2014

I grunnlovsjubileumsåret 2014 har kulturfeltet i Hardanger skipa til eit festtog gjennom regionen med 30 arrangement kring tematikken hardangerkrafta, moderniteten, kunsten og framtidsvon. Alle kommunar/herad har fått innovative og merkevarebyggjande arrangement. Den offisielle opninga var framsyninga «Hardanger i 100» med eit fullsett Oslo konserthus 22. mars 2014 og Statsminister Erna Solberg som gjest. Prosjektet «Gje meg ein G» i Odda vart innlemma i den nasjonale prosjektporteføljen til Stortinget. Det same vart grunnlovsvandringa på ski mellom Hardanger og Oslo. Nasjonalikonet «Brudeferden i Hardanger» kom heim til Kabuso med store vitjartal. Ei rekkje tverrkommunale prosjekt har også vorte utvikla gjennom HardingPuls og HAKU. Skuleelevar

medverka til den aller fyrste «Hardangerfanzinen». Pressedekninga har vore stor, særleg på stunta initiert av prosjektleiinga. Nasjonale medier har dekkja grunnlovsvandringa til Oslo, 17. mai-konsert på Finse med Geir Botnen på flybore flygel og romferda til grunnlovsmannen og karakteren Arnoldus von Westen Sylow Koren i oktober. Ein gjengangar var å bruka naturen som lærer i kunst-, kultur, og friluftslivformidlinga. Ein grafisk profil knytt opp mot brandet «Eg er ein HARDING» er utvikla med ein tilhøyrande arrangementsinndeling. Ein god del film dokumenterer arbeidet som er gjort gjennom året, tilgjengeleg på eigen Vimao-kanal. Grunnlovjubileet Hardanger 2014 var eit spleiselag mellom Hardangerrådet, Hordaland Fylkeskommune, Sparebankstiftinga Hardanger og Sparebanken Vest

Kommunestruktur i Hardanger 2013 - 2019

Arbeidet starta med Hardangerkonferansen 2013 og heldt fram i Hardingtinget 2014. Ordførarane i Hardanger har hatt eigne møte om arbeidet med Kommunereforma i Hardanger i løpet av 2014. Regjeringa har pålagt kommunane utgreiingsplikt for å vurdera samanslåingar av kommunar. Etter innleiande drøftingar i Hardangerrådet og eigne saker i kommunane så er det bestemt at det vert 3 utgreiingar i Hardanger:

1. Eidfjord, Granvin, Ulvik og Ullensvang har prosjektleiar Joakim Øren
2. Odda, Jondal og Ullensvang har prosjektleiar Bjørnar Dagstad
3. Odda, Jondal og Kvam har prosjektleiar Bjørnar Dagstad

Gjensidig informasjon om framdrift og status vert teke opp på kvart møte i Regionrådet og i Rådmannsforum.

Kraftlinemidlane

Hardangerrådet har gjeve tilsagn om investeringsmidlar frå avsetjinga til Kraftlinemidlar i 2014: Hardanger Åtgaum, AG3Film, Industripionerane, Tilsaman 385.500 kr. Avkastninga for 174.953,-kr for 2014 er tillagt fondet. Regionrådet sine disponible midlar frå Kraftlinetilskotet er 300.000 kr pr. 31.12.2014.

Samhandlingsreforma i Hardanger

Prosjekt Samhandlingsreforma i Hardanger starta opp 1.sept.2010, vart avslutta 31.12.2013. I 2014 er det interkommunale samarbeidet ført vidare i «Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss 2014-2015». Styringsgruppe er Rådmannsforum, som har godkjent 8 ulike delprosjekt. Det er etablert arbeidsgrupper med deltakarar frå Voss og Hardangerkommunane. Vaksdal deltek i samarbeid omkring Prehospitale tenester, Nødnett og Rehabilitering. Andre område er vidareføring av Nettverk for folkehelse, Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin, samarbeid om Miljøretta helsevern, Rus og psykisk helse og Sjukeheimsmedisin. Samhandlingsprosjektet har også i 2014 fått skjønstilskot frå Fylkesmannen i Hordaland. Arbeidsgruppene skal oppsummera erfaringane ut juni 2015 og gje sine tilrådingar til styringsgruppa. Meir informasjon om prosjektet er lagt ut på heimesida Meir informasjon om prosjektet er lagt ut på heimesida www.kvam.no/samhandlingsreforma

Hardingtinget hadde 1 møte i 2014

Hardingtinget, som er samansett av formannskapa i dei 7 Hardangerkommunane, hadde samling i Øystese 13.02.2014 omkring 3 tema:

1. Flytt til Hardanger – Regional Bustadstrategi for Hardanger
2. Demokratiprojektet til Hardanger Ungdomsråd
3. Kommunestruktur i Hardanger. Presentasjon og Gruppearbeid.

Innlegga frå Hardingtinget og oppsummeringa av gruppearbeidet er tilgjengeleg på www.hardangerradet.no

Hardanger Ungdomsråd hadde 3 møter i 2014.

Hardanger Ungdomsråd er ved årsskifte ikkje konstituert. Rådet har hatt meir politisk fokus og dette har vore til diskusjon: kommunereform, vær varsom plakat på sosiale medier, kor viktig det er å engasjera seg og ny tannhelsestruktur. Styreleiar i Hardangerrådet iks Toralv Mikkelsen, har vore med på 2 rådsmøter, det har vore lærerikt og interessant. Viktig med erfarne politikarar på møta til HU. Det er stor iver i det nye rådet, som har bestemt at dei for fyrste gong skal arrangera Hardanger

Ungdomsting i februar 2015. Målet er å bygga nettverk og verta kjende med kvarandre i eigen region, samt diskutera felles saker som kommunereform.

Rådmannsforum hadde 6 møte i 2014 og handsama 43 saker.

Døme på saker:

- Prosjektet Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss
- Næringsutvikling og Profilerings i Hardanger – temamøte og drøftingar.
- Kommunereforma tema på kvart møte
- Uttale Ny Nasjonal Brannvernordning
- Kommunale ladestasjonar for el-bil
- Ressursar til Samarbeidsråda i Helse Bergen og Helse Fonna
- Team Hardanger
- Ungt Entreprenørskap i kommunane i Hardanger
- Miljøfyrtårnordning for kommune-/herads-/rådhusa i Hardanger
- Styringsgruppa for Flytt til Hardanger – attraktive bukommunar.
- Nytt frå kommunane og nytt frå KS Rådmannsutval.
- Sammøte med Regionrådet

Samarbeidsrelasjonar.

Hardangerrådet vedlikeheld sine relasjonar til samarbeidspartar i Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og KS-regionen. I tillegg har me kontakt med regionråda i Hordaland og i granneregionar til Hardanger. Dette er for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast.

Internasjonalt i 2014 har Hardangerrådet delteke i 3 tiltak:

1. «ProWell» (Prosjekt Wellbeing in Rural distrikt) saman med Danmark, Finland Litauen og Latvia. Reiselivsprosjekt som har som føremål å definera «det gode liv på landet for nye marknader og nye verksemder.
2. Tilflytting/Jobbmesse i Houten i Nederland saman med Flytt til Hardanger.
3. Jobbmesse på Island saman med NAV-Eures.

Dagleg leiar deltek på dialogmøte mellom Regionråda i Hordaland og Fylkeskommunen. Møta har tema innan informasjonsutveksling og ideutveksling.

Nærings- og etablerarteneste.

Prosjekt i 2014

Hardangerrådet iks er aktiv initiativtakar og driftsansvarlege for utviklingsprosjekt i Hardangerregionen.

Døme på prosjekt her med omsetnad i 2014 på alt 5.680.000 kr.:

Prosjekt 20	Regionalt Næringsfond Hardanger årleg omsetning	1.244.000 kr
Prosjekt 75	Merkevare Hardanger	202.000 kr
Prosjekt 95	Flytt til Hardanger – Attraktiv bukommunar	1.099.000 kr
Prosjekt 106	Hardanger – Berlin	120.000 kr
Prosjekt 112	Hardanger Ungdomsråd	25.000 kr
Prosjekt 114	Team Hardanger/Etablerartenester	200.000 kr
Prosjekt 116	Hardanger 2014	1.200.000 kr
Prosjekt 122	Hardangerkonferansen 2014	372.000 kr
Prosjekt 121	Japan Hardanger Club	35.000 kr
Prosjekt 125	Informasjonstavler Hardanger	1.100.000 kr
Prosjekt 126	ProWell	83.000 kr

Team Hardanger. Ei dør inn

Alle kommunar/herad i Hardanger har partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune (samt Innovasjon Norge og Fylkesmannens Landbruksavdeling) om å setja av eigen ressurs hos ein bestemt tilsett til etablerarrettleiing. Dette for å styrkja den kommunale "ei dør inn" funksjonen. Næringsutvikling i kommunane er også del av arbeidet etablerarteneste og næringsutvikling.

Hardangerrådet samlar ikkje inn statistikk over kor mange som kontaktar eller få hjelp av dette lokale apparatet. Team Hardanger er godkjent av Rådmannsform som interkommunalt nettverk i Hardanger. Hardangerrådet har også i 2014 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger. Eit tema er oppfølging av matsatsinga i Hardanger. Tone Søgaaard har vore engasjer av Hardangerrådet for å drifta Etablerarskulen i Hardanger.

Etablerartenesta i Hardanger har i år ikkje talt opp etablering ut frå direkte rettleiing, man anslagsvis 40 personar har fått rettleiing gjennom tenesta. Landbruksrettleiinga er ulikt organisert i kommunane/herada i Hardanger og derfor har me også ufullstendig rapportering på området landbruk. Oppfølging av elevar frå etablerarskulen er også viktig i rettleiingsarbeidet. Mentor for verksemdsleiarar er også eit av tilboda i regionen. Indre Hordaland Trainee er oppretta som ein eigen organisasjon.

Etablerarskulen 2014

I februar og mars 2014 vart det lyst ut kurs for etablerarar. Deltakarane kunne velja mellom eitt eller fleire av 7 kurs. Kursrekkja var samansett slik:

- Grunnkurs for etablerarar, 12 timar, 6 deltakarar.
- Kurs i sal og marknadsføring, 5 timar, 5 deltakarar.
- Kurs i budsjettarbeid, 5 timar, 6 deltakarar
- Prising av produkt og tenester, 3 timar, 6 deltakarar
- Kurs i praktisk budsjettarbeid, 5 timar, 6 deltakarar
- Sentrale økonomiske omgrep, kva fortel balansen, 3 timar, ikkje gjennomført
- Forstå rekneskapan, enkel rekneskapsanalyse, 3 timar, ikkje gjennomført

Seks etablerarar fylgde kursrekkja. Tre av etablerarane nytta seg av tilbod om personleg hjelp og oppfølging i perioden mellom kurs og fire av kursdeltakarane starta eiga verksemd i 2014.

Regionalt Næringsfond for Hardanger 2014

Hordaland Fylkeskommune har tildelt Hardanger 1.200.000 kr brutto til utdeling og drift av Regionalt Næringsfond Hardanger for 2014. Av desse er 200.000 kr skjønstilskot som er øyremerka "Hardanger Næringsråd".

Fondet vart utlyst og tildelt etter rettningslinene i 2014. Alle søknader skal leverast på digitale skjema. Det var omsøkt for vel 4.346.00 kr. Det vart gitt tilsegn om 940.000 kr, pluss 130.000 kr frå fondsavsetjinga, samt 104.000 kr til fondsadministrasjon og ingen fondsavsetjing i 2014.

Sakshandsaminga i 2014 vart gjort av Hardangerrådet. Tilsegn som ikkje er iverksette etter eitt år, vert inndregne og 120.000 kr vart tilbakeført fondet. Det føreligg eigne møtebøker og eigen revidert rapport til Hordaland fylkeskommune om bruken av RNH for 2014.

Hardangerkonferansen 2014

Hardangerkonferansen 2014 vart gjennomført på Brakanes Kurs- og Konferansesenter i Ulvik som lunsj til lunsj – konferanse . Konferansen var eit samarbeid mellom Hardangerrådet iks, Sparebanken Vest, BKK, Hordaland fylkeskommune, Reisemål Hardanger Fjord, Hardanger Næringsråd, Hordaland Bondelag og Ulvik herad. Også i 2014 samla den 120 deltakarar, der hovudtema var «Næringsutvikling i Hardanger. Rammevilkår og Framtid» Spørsmåla var: «Framtidige arbeidsplassar er grunnlag for vekst og utvikling i Hardanger. Kva skal me styra mot? Kva skal me tilby ungdomane våre?»

Gjennom foredrag og presentasjonar frå fagpersonar, politikarar, media, forvaltarar og ungdom, så vart Næringsutvikling i Hardanger sett grundig på dagsorden. Hardanger har ein variasjon og breidde i næringsgrunnlaget sitt som ein må satsa vidare på for arbeidsplassar og levande lokalsamfunn. Tilgjengelege næringsareal, bustader og infrastruktur samt ein Næringsvennleg offentleg sektor er avgjerande for vekst og etablering i Hardanger.

Økonomi/rekneskap

Hardangerrådet iks hadde i 2014 omsetning på omlag 6.9 mill. kr. inklusive Regionalt Næringsfond og Kraftlinefond. Regionalt Næringsfond gjekk ned med 2 mill. kr frå 2013 til 2014. Resultatrekneskapen for drifta av Hardangerrådet viser driftsresultat med overskot på 51.030 kr. Over-/underskot varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.14 er opparbeidd sidan 2001 til 2.816.325 kr medrekna bunden eigenkapital på 100.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2014 viser det same overskot på 51.030 kr., avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse. Konklusjonen er at Hardangerrådet iks i sum har ei sunn økonomistyring. Hardangerrådet er friteken for meirverdiavgift. Konsekvensen av momsrefusjonsordninga i Hardangerrådet er at drifta i selskapet får 195.273 kr. i reduserte kostnader.

Vidare drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnader om vidare drift. Til grunn for dette ligg resultatprognose for 2014 og selskapet si strategiske prognosar for åra framover. Selskapet har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Diverse.

Arbeidsmiljø og personale.

Sjukefråværet i selskapet er ubetydeleg, og tiltak på dette området er ikkje planlagde. Det er ikkje rapportert om arbeidsuhell eller ulukker i selskapet i 2014. Arbeidsmiljøet er godt og samarbeidet mellom tilsette, styret, regionrådet, rådmannsforum og prosjektleiing er konstruktivt for selskapet.

Likestilling.

Selskapet har tilsett 2 kvinner og 1 mann. I selskapet sitt styre er 1 kvinne og 2 menn. Som Varamedlemmer til styret er 1 mann og 1 kvinne.

Miljø.

Hardangerrådet si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 06.02.2014

Toralv Mikkelsen
Styreleiar

Astrid Dale Vindal
Nestleiar

John Skogseth
Styremedlem

Leiv A. Vambheim
Dagleg leiar

Årsregnskap 2014 for Hardangerrådet IKS

Organisasjonsnr. 980045412

Utarbeidet av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert regnskapsførerselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Organisasjonsnr. 986173943

Resultatregnskap

	Note	jan-des 14	jan-des 13	Budsjett 31.12	Avvik HiÅ/B
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER					
Driftsinntekter					
Salgsinntekt		87 458	11 480	90 000	(2 542)
Tilskudd		6 726 884	6 027 130	6 817 500	(90 616)
Sum driftsinntekter		6 814 342	6 038 610	6 907 500	(93 158)
Driftskostnader					
Underleverandører		2 722 734	2 164 577	3 376 000	(653 266)
Lønnskostnad	1	1 987 819	1 654 127	1 577 391	410 428
Avskrivning på varige driftsmidler	2	37 748	4 094	0	37 748
Annen driftskostnad		2 103 636	2 183 308	2 001 109	102 527
Sum driftskostnader		6 851 937	6 006 107	6 954 500	(102 563)
DRIFTSRESULTAT		(37 595)	32 503	(47 000)	9 405
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER					
Finansinntekter					
Annen renteinntekt		90 122	91 277	47 000	43 122
Annen finansinntekt		240	333	0	240
Sum finansinntekter		90 362	91 610	47 000	43 362
Finanskostnader					
Annen rentekostnad		60	0	0	60
Annen finanskostnad		1 678	779	0	1 678
Sum finanskostnader		1 738	779	0	1 738
NETTO FINANSPOSTER		88 625	90 831	47 000	41 625
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		51 030	123 334	0	51 030
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0	0	0
ORDINÆRT RESULTAT		51 030	123 334	0	51 030
ÅRSRESULTAT		51 030	123 334	0	51 030
OVERF. OG DISPONERINGER					
Overføringer annen egenkapital		51 030	123 334	0	51 030
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		51 030	123 334	0	51 030

Balanse pr. 31.12.2014

	Note	31.12.2014	31.12.2013
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	2	302 884	0
Sum immaterielle eiendeler		302 884	0
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	2	32 752	125 846
Sum varige driftsmidler		32 752	125 846
SUM ANLEGGSMIDLER		335 636	125 846
OMLØPSMIDLER			
Varer		39 195	55 880
Fordringer			
Kundefordringer		3 382 808	1 855 144
Andre fordringer		730 967	688 162
Sum fordringer		4 113 775	2 543 306
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	13 025 683	17 128 718
SUM OMLØPSMIDLER		17 178 652	19 727 904
SUM EIENDELER		17 514 289	19 853 750

Balanse pr. 31.12.2014

	Note	31.12.2014	31.12.2013
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	3	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		2 716 325	2 665 295
Sum opptjent egenkapital		2 716 325	2 665 295
SUM EGENKAPITAL		2 816 325	2 765 295
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Næringsfondet	5	4 670 531	6 212 374
Kraftlinjefondet	6	5 359 032	8 516 579
Sum avsetning for forpliktelser		10 029 563	14 728 953
SUM LANGSIKTIG GJELD		10 029 563	14 728 953
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		277 535	428 614
Skyldig offentlige avgifter		176 867	142 383
Annen kortsiktig gjeld		4 213 999	1 788 505
SUM KORTSIKTIG GJELD		4 668 400	2 359 501
SUM GJELD		14 697 964	17 088 455
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		17 514 289	19 853 750

Kinsarvik 06.02.2015

Torolv Mikkelsen
StyreleiarAstrid Dale Vindal
NestleiarJohn Gunnvald Skogseth
StyremedlemLeiv Anders Vambheim
Dagleg leiar

Noter 2014

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kapittel 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kapittel 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Presiseringer mht regnskapsprinsipper:

Anleggsmidler

Lineære avskrivninger over driftsmidlenes forventede økonomiske levetid er lagt til grunn ved beregning av avskrivningsbeløp.

Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

Pensjonsforpliktelser

Selskapet har pensjonsavtale gjennom en forsikringsavtale. Pensjonsforpliktelser og pensjonsmidlene er ikke oppført i regnskapet. Årets betalte premie er bokført i resultatregnskapet.

Skatt

Hardangerrådet IKS har ikke erverv til formål og driver ikke økonomisk virksomhet. Hardangerrådet IKS er derfor fritatt for skatteplikt og det er ikke beregnet skattekostnad i årsregnskapet.

Note 1 - Lønnskostnad

Selskapet har hatt 2 årsverk i regnskapsåret.

	I år	I fjor
Lønn	1 284 871	1 239 143
Arbeidsgiveravgift	224 517	169 899
Pensjonskostnader	467 265	223 009
Andre lønnsrelaterte ytelser	11 168	22 077
Totalt	1 987 819	1 654 127

Noter 2014

	Lønn og andre godtgjørelser
Daglig leder	838 315
Styremedlemmer	30 250
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar	25 000
Annen godtgjørelse til revisor	0
Honorar til revisor består av:	
Revisjon	25 000
Attestasjonsoppgaver	0
Skatterådgivning	0
Andre tjenester	0
Samlet honorar til revisor	25 000

Pensjon

Selskapet er pliktig til å ha tjenstepensjon etter lov om obligatorisk tjenstepensjon og har pensjonsordning som oppfyller kravene etter denne loven. Pensjonsordningen omfatter 11 personer. Selskapet har ikke balanseført pensjonsforpliktelsen ihht NRS nr 8.

Note 2 - Avskrivning på varige driftsmidler

Avskrivningstablå

	Konsesjoner, patenter, lisenser o.l.	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	Sum
Anskaffelseskost pr. 1/1	89 000	106 008	195 008
+ Tilgang	247 538	0	247 538
Anskaffelseskost pr. 31/12	336 538	106 008	442 546
Akk. av/nedskr. pr 1/1	0	69 162	69 162
+ Ordinære avskrivninger	33 654	4 094	37 748
Akk. av/nedskr. pr. 31/12	33 654	73 256	106 910
Balanseført verdi pr 31/12	302 885	32 752	335 637
Prosentstatts for ord. avskr.	20-20	10-33	

Noter 2014

Note 3 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakerenes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerene plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Annen innskutt egenkapital	Ansvarsandel
Eidfjord Kommune	10 000	10%
Granvin Herad	8 000	8%
Jondal Kommune	8 000	8%
Kvam Herad	26 000	26%
Odda Kommune	26 000	26%
Ullensvang Herad	14 000	14%
Ulvik Herad	8 000	8%
Sum	100 000	100%

Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 170 338 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 174 299.

Note 5 - Næringsfondet

Hardangerrådet IKS mottar tilskudd fra fylket og utbetaler midlene etter vedtak i Næringsfondet.

Hardangerrådet IKS har mottatt kr 4 670 531 fra Hordaland Fylkeskommune som ikke er utbetalt. Av beløpet på kr 4 670 531 er kr 2 666 000 disponert og kr 2 004 531 udisponert.

Renteinntekter næringsfondet er for 2013 kr 122 937 og er tillagt fondet.

Note 6 - Avbøtende tiltak kraftliner

Hardangerrådet IKS har fått tildelt kr 18 106 837 til avbøtende tiltak i samband med kraftlinesaka. Det er laga egne retningslinjer for bruken av desse midlane.

Kraftlinefondet har totalt kr 5 359 032 som ikkje er utbetalt. Av beløpet er kr 2 742 550 disponert og kr 2 616 482 udisponert.

Renteinntekter for 2013 kr 174 953 er tillagt fondet.

RAMMEBUDSJETT 2016 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET 2016-2019

Prosjekt 1 Administrasjon (auka årleg med 5% utgangspunkt 2014 budsjettet)

Tekst	Inntekter 2016	Utgifter 2016	Innt. 2017	Utg. 2017	Innt. 2018	Utg. 2018	Innt. 2019	Utg. 2019
Driftsinntekter								
Kommunale tilskot	2 260 000		2 373 000		2 491 650		2 616 233	
Diverse inntekter	100 000		105 000		110 250		115 763	
Prosjektinntekter	190 000		199 500		209 475		219 949	
Prosjekt IS Fjordvegen Ryte 13	540 000		567 000		595 350		625 118	
Etablerarteneste for Hordaland Fylke	50 000		52 500		55 125		57 881	
Renteinntekter	90 000		94 500		99 225		104 186	
Tilskot kommunane Husvære i Berlin	90 000		94 500		99 225		104 186	
Sum løn		2 310 000		2 425 500		2 546 775		2 674 114
Sum eige drift		1 010 000		1 060 500		1 113 525		1 169 201
Prosjektportefølgje	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>
Sum	<u>3 320 000</u>	<u>3 320 000</u>	<u>3 486 000</u>	<u>3 486 000</u>	<u>3 660 300</u>	<u>3 660 300</u>	<u>3 843 315</u>	<u>3 843 315</u>

Oppsummert Prosjektportefølgje Hardangerrådet iks 2015:

	Inntekter	Kostnader
Flytt til Hardanger	53 000	53 000
Merkevare Hardanger	90 000	90 000
Hardangerkoneransen	25 000	25 000
Hardanger Berlin	90 000	90 000
Hardanger Ungdomsråd	-	-
Team Hardanger	200 000	200 000
Miljøfyrtårnordning	45 000	45 000
Hardanger 2014	-	-
Hardanger 2014 prosjekt	100 000	100 000
Regionalt Næringsfond Hardanger	<u>1 200 000</u>	<u>1 200 000</u>
SUM Prosjekt	<u>1 803 000</u>	<u>1 803 000</u>



Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2015/2016

Framlegg til årsmøtet 2015

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Uttalesaker	Vera på banen og gi beskjed om kva Hardanger meinar	Stå fram som samla region	Heile tida	Dageleg leiar og rådsordførar	Informasjon
Heimeside på Internet	Laga ny heimeside www.hardanger.com Drifta den gamle til ny er på plass	Informativ og tiltalende heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon og drift
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som styrkjer regionen.	Heile tida	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar.	Koordinering
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreingsarbeidet av MH med logo. i Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet.	Frå 2005	Dagleg leiar og konsulent. Merkevare-ambassadør Helge Møller	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar.	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dageleg leiar	Samarbeid og Koordinering
Kommunestruktur i Hardanger	Halda kvarandre orientere om prosess for nye kommunestrukturar i Hardanger.	Sjølve bestemma dei framtidige kommunegrensene i regionen	2013- 2019	Ordførarane og rådmennene som sit i styringsgruppene	Samarbeid og koordinering
Etablerarteneste i regionen Team Hardanger	Driva næringsstilrettelegging og etablerartenester i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane	Skapa fleire arbeidsplassar i regionen	Også i 2015	Dagleg leiar og Team Hardanger	Samarbeid, Koordinering og Næringsutvikling

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2015/2016

Fagnettverk mellom kommunane som	Halda kontakt med etablerte og initiera nye nettverk mellom fagtilsett i kommunane. Koordinerast av Rådmannsforum	Meiningsfulle faglege forum der tilsette får heva eigen kompetanse og samordna oppgåver.	Heile tida i samsvar med behov	Rådmannsforum Dagleg leiar Nettverka skal driva seg sjølve.	Samarbeid og Koordinering
Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss	Avslutta prosjektet hausten 2015	Ha på plass varige gode løysingar for helsetilbodet i Hardanger og Voss.	2015	Rådmannsforum og dagleg leiar med Prosjekt-leiarar	Samhandling og koordinering
Kraftsaker i regionen	At kraftressursane frå Hardanger får eige kraftfond frå HFK	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	2015	Ordførarane og dagleg leiar	Koordinering
Hardangerkonferansen 2015	Arrangera Hardangerkonferansen 2015 saman med Næringslivet og ungdomsrådet	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	2015	Dagleg leiar og Konsulent	Samarbeid og Koordinering
Regionalt Næringsfond Hardanger	Vidareføra administrasjon og sakshandsaming av RNH	RNH som katalysator for Næringsutvikling	2015	Dagleg leiar og Konsulent	Næringsutvikling
Flytt til Hardanger – attraktive bukommunar	Avslutta prosjektet i 2015 med rapportskriving og overføring av oppgåver til kommunane.	Auka innbyggjartalet i Hardanger.	2015	Rådmannsforum PA og PL	Næringsutvikling
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og eigne prosjekt	Ha regional internasjonal samhandling som utviklingsarbeid.	Også i 2015	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Hardanger Berlin	Halda vedlike den innarbeidde ordninga til 2015-2017	Framleis eit attraktiv tilbod til kunstnarane i Hardanger	2012-2017	Dagleg leiar og konsulent	Samarbeid og koordinering
ProWell EU prosjekt for Norden	Delta i Prosjektet som partner og arrangera ein til to samlingar	Utvikla filosofien om « det gode liv i distriktet»	2014-2015	Team Hardanger , konsulent og dagleg leiar	Næringsutvikling
Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag